



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	994 315 579
Organisasjonsform:	Stiftelse
Foretaksnavn:	STIFTINGA RASOFIELGARDEN
Forretningsadresse:	Rasofielgarden 6060 HAREID

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2023 - 31.12.2023
-------------------------	-------------------------

Konsern

Morselskap i konsern:	Nei
-----------------------	-----

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Oddvar Johannes Haugen
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	29.05.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 24.08.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Komm.tilskudd	1	75 000	75 000
Sum inntekter	1	75 000	75 000
Kostnader			
Forsikringar		18 227	14 757
Alarm, årsavg og kontroll		8 379	7 713
Straum		21 494	22 187
Komm.avgifter		8 337	7 741
Leie datasystem		1 081	1 292
Rekneskapshonorar		15 912	7 300
Revisjonshonorar		3 000	2 625
Kontingent Allskog		600	600
Gave		0	
Årsgebyr Stiftelsestilsynet		5 390	4 640
Bankgebyr		108	98
Andre kostnader		11 475	
Sum kostnader		94 003	68 953
Driftsresultat		-19 003	6 047
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		234	23
Sum finansinntekter		234	23
Annan rentekostnad		18	125
Sum finanskostnader		18	125
Netto finans		216	-102
Ordinært resultat før skattekostnad		-18 787	5 945
Ordinært resultat etter skattekostnad		-18 787	5 945
Årsresultat		-18 787	5 945



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Bygning	3	2 868 500	2 868 500
Statue		50 000	50 000
Andel i Allskog SA	5	3 000	3 000
Midlar avsett til Skogfond	5	7 776	7 776
Sum varige driftsmiddel		2 929 276	2 929 276
Sum anleggsmiddel		2 929 276	2 929 276
Omløpsmiddel			
Varer			
Bankinnskott, kontantar og liknande			
Bankinnskudd		24 285	24 054
Bankinnskudd		14 869	35 916
Debitorer		19 117	16 793
Sum bankinnskott, kontantar og liknande		58 271	76 763
Sum omløpsmiddel		58 271	76 763
SUM EIGEDELAR		2 987 547	3 006 039
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Opptent eigenkapital			
Stiftelseskapital	3	2 868 500	2 868 500
Opptjent over/underskudd 01.01		-100 919	-106 862
Oppløst avsetning	4	100 000	100 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Årsresultet		-18 790	5 945
Andre avsetninger	4	130 000	130 000
Leverandørgjeld		8 757	8 456
Sum opptent egenkapital		2 987 548	3 006 039
Sum egenkapital		2 987 548	3 006 039
Sum langsiktig gjeld		0	0
Sum gjeld		0	0
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		2 987 548	3 006 039



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2024 512275

Enheten

Organisasjonsnummer: 994 315 579
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA RASOFIELGARDEN
Forretningsadresse: Rasofielgarden
6060 HAREID

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Oddvar Johannes Haugen
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 29.05.2024

Grunnlag for avgivelse

År 2023: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 24.06.2024



Organisasjonsnr: 994 315 579
STIFTINGA RASOFIELGARDEN

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Komm.tilskudd	1	75 000	75 000
Sum inntekter	1	75 000	75 000
Kostnader			
Forsikringer		18 227	14 757
Alarm, årsavg og kontroll		8 379	7 713
Straum		21 494	22 187
Komm.avgifter		8 337	7 741
Leie datasystem		1 081	1 292
Rekneskaps honorar		15 912	7 300
Revisjonshonorar		3 000	2 625
Kontingent Allskog		600	600
Gave		0	
Årsgebyr Stiftelsetilsynet		5 390	4 640
Bankgebyr		108	98
Andre kostnader		11 475	
Sum kostnader		94 003	68 953
Driftsresultat		-19 003	6 047
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		234	23
Sum finansinntekter		234	23
Annan rentekostnad		18	125
Sum finanskostnader		18	125
Netto finans		216	-102
Ordinært resultat før skattekostnad		-18 787	5 945
Ordinært resultat etter skattekostnad		-18 787	5 945
Årsresultat		-18 787	5 945



Organisasjonsnr: 994 315 579
STIFTINGA RASOFIELGARDEN

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
--------------	------	------	------

BALANSE - EIGEDELAR

Anleggsmiddel

Immaterielle egedelar

Varige driftsmiddel

Bygning	3	2 868 500	2 868 500
Statue		50 000	50 000
Andel i Allskog SA	5	3 000	3 000
Midlar avsett til Skogfond	5	7 776	7 776
Sum varige driftsmiddel		2 929 276	2 929 276

Sum anleggsmiddel

		2 929 276	2 929 276
--	--	-----------	-----------

Omløpsmiddel

Varer

Bankinnskott, kontantar og liknande

Bankinnskudd		24 285	24 054
Bankinnskudd		14 869	35 916
Debitorer		19 117	16 793
Sum bankinnskott, kontantar og liknande		58 271	76 763

Sum omløpsmiddel

		58 271	76 763
--	--	--------	--------

SUM EIGEDELAR

		2 987 547	3 006 039
--	--	-----------	-----------

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital

Innskoten eigenkapital

Opptent eigenkapital

Stiftelseskapital	3	2 868 500	2 868 500
Opptjent over/underskudd 01.01		-100 919	-106 862
Oppløst avsetning	4	100 000	100 000
Årsresultet		-18 790	5 945
Andre avsetninger	4	130 000	130 000
Leverandørgjeld		8 757	8 456
Sum opptent eigenkapital		2 987 548	3 006 039

Sum eigenkapital

		2 987 548	3 006 039
--	--	-----------	-----------

Sum langsiktig gjeld

		0	0
--	--	---	---



Sum gjeld	0	0
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	2 987 548	3 006 039



Organisasjonsnr: 994 315 579
STIFTINGA RASOFIELGARDEN

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

Rekneskapsprinsipp

Årsregnskapet er satt opp etter regnskapsloven. Regnskapsreglene for små foretak er fulgt.

Note

Tal på årsverk i rekneskapsåret
0.00

<u>Sum</u>	<u>Beløp</u>
------------	--------------

<u>Balanseført verdi 31.12.</u>	<u>Varige driftsmiddel</u>	<u>Immaterielle eigned.</u>
---------------------------------	----------------------------	-----------------------------

Konsernrekneskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikke er tatt med i konsolideringa

Konsern, tilknytt selskap m.v. - krav og gjeld

Krav

<u>Samla beløp - tilknytt selskap</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
---------------------------------------	--------------	------------------

<u>Samla beløp - foretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
--	--------------	------------------

<u>Samla beløp - foretak i samme konsern</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
--	--------------	------------------

<u>Samla beløp - felles kontrollert verksemd</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
--	--------------	------------------



Pantstillingar Beløp

Behaldning av egne aksjar Tal på aksjar Pålydande Andel av aksjek.

Note

Lån og sikkerhetsstilling til medlem

Er det gitt lån eller sikkerhetsstilling til leiande personar: Nei

Opplysingar om:

Medlem av:

Meir om lån og sikkerhetsstilling



STIFTINGA RASOFIELGARDEN

ÅRSMELDING FOR 2023

Stiftinga vart stifta 14.8.2008 med organisasjonsnummer 994 315 579.

STYRET I ÅRET

Runar Haddal	Vald av Vonheims Venner	leiar
Aud Grimstad	Vald av Vonheims Venner	styremedlem
Oddvar Haugen	Vald av kommunestyret	kasserar
Øyvind Grimstad Gryt	«	byggtilsyn
Annika Hove	«	skrivar
Sverre Jarl Ulstein	«	1. varamedlem
Audun Ulstein	«	2. varamedlem
Ann Helen Grimstad Worren	«	3. varamedlem

VERKSEMDA SI ART

Rasofielgarden ligg i Bigset i Hareid Kommune. Føremålet er å ta vare på Rasofielgarden Vonheim med alle dei kulturskattane som høyrer til. Dette gjeld boksamling, målarkunst, treskurd, fotosamling, historiske skrifter og notat frå fleire av kunstnarane som har vakse opp her, og møblar og inventar. Stiftinga har ikkje økonomiske føremål.

DRIFT I ÅRET 2023

Det har vore moderat med aktivitet i 2023, men nokre arrangement har det vore saman med Vonheims Venner, som gjerne har leia desse, dvs. **Aud Grimstad**. Fleire drøftingar og avgjerder i samarbeid med Vonheims Venner har vore ført via enten Facebook eller Messenger som har erstatta behovet for å møtast, men det har vore nokre arbeidsmøter. **Lyrikk-kvelden må nemnast**. Under leiing av Vonheims Venner, men i samarbeid med stiftinga, vart kvelden også i år arrangert i samband med Hareidstemneveka i oktober. **Geir Liavåg Strand** fortalde om Cappelen-slekta, slekta til Augusta. Han overleverte Augustas slektstre, ei flott gåve i glas og ramme. **Johs Klungsoyr** fortalde om livet til Allaug Rise, denne hardtarbeidande kvinna som skapte ein heim for faren og søskena etter at mora døydde. Johs delte minner og gripande historier både frå oppveksten då han var ein jamn gjest i Vonheimhuset, og frå seint i livet til Allaug då ho var på kvileheimen. Han overrekte ein kopi av gyngestolen som Allaug hadde, flott restaurert av **Harry Røyset**. Til stolen var eit saueskinn gitt av **Annika Hove**. Som vanleg vart **heile arrangementet filma** av Runar Haddal. Opptaka av historiene kan vere kjekke å ha til seinare (litt er redigert og delt på sosiale media). Kaffi og kaker vart servert også i år, og det var tombola i pausen. Aud Grimstad og Runar Haddal heldt **ope hus på 17.mai**. Det vart fortalt om huset og Rise-slekta. Dette året har også **Allaug-romet** vorte sett istand. Ei stor takk til Harry Røyset som hjalp til med innreiing. Aud vaska og stelte der fint til. Elles har det vore fleire **skuleklasser** på omvising i Vonheim dette året. Aud Grimstad har vore guide. Styret vil også rette ei takk til Liz-Mirjam og Runar som **pynta Vonheim i juleskrud**. Fleire har uttrykt glede over å sjå juletreet lyse koseleg gjennom vindauga i førjulstida. Runar vart kontakta av **Solveig Husby** på **Bigset Skule**. Det viser seg at det ligg ei betydelig samling av bøker på skuleloftet, flotte klassiske verk i glimrande stand, som tilhørte Randulf Rise. Truleg var bøkene først lagra på gamleskulen, og vart flytta til den nye skulen tidleg på 80-talet. Stiftinga kan ta over desse, og Runar vil hente dei ved høve. Stor takk også til **Ester Helene Bachke** som plantar og steller i blomsterbed, **Magne Smoge** som klipper pienen, og **Fredrik Bjåstad** som slår attelega nedanfor bygdetunet (beitepussing).



ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Stiftinga har ingen tilsette, men samarbeidet i stiftinga sitt styre er godt. Kjønnfordelinga i styret med 5 medlemmar er 40% kvinner og 60% menn. Stiftinga si haldning er at det skal vere ei jamnast mogleg fordeling av kvinner og menn i styret.

YTRE MILJØ

Stiftinga har ikkje noko ved seg som kan forureine det ytre miljøet.

VIDARE DRIFT

Styret er budd på å prioritere faste utgifter, og deretter vurdere løpande påkostnad og vedlikehald, og å informere Hareid Kommune om stoda, år for år. Det er likevel ikkje tvil om at stiftinga vil stå overfor store utfordringar dei neste åra m.o.t. huset og behov for vedlikehald. Behovet er stort allereie, og det vert ikkje mindre med åra. Styret lukkast i 2021 med å auke tilskotet frå Hareid kommune frå kr. 50.000 til kr 75.000. Aukinga i driftskostnadar frå 2021 til 2022 var på ca. 8%, og stiftinga hadde eit overskot på kr 6.044. Men auken for 2023 vart på heile 36%, mest for rekneskaphonorar (118%, og utan varsel) og forsikringar (24%). Det meste anna enn straum (-3%) auka med 8-16%. Ut frå dette og med vising til rekneskapsstala for 2023, med eit underskot på kr -18,790.71, ser styret det slik at det er grunnlag for vidare drift av stiftinga, men det er heilt klart at inntektene må opp, og der det er mogleg, kostnadane må ned.

ÅRSREKNESKAPEN

Etter det styret kjenner til, har det ikkje hendt noko etter utgangen av rekneskapsåret som har verknad for stiftinga si stilling eller resultat.

OVERSKOT / UNDERSKOT

Styret godkjenner underskot på kr. -18,790.71 for 2023. Den opphavelige stiftingskapitalen på kr. 2.868.500,- står ved lag.

Bigset, 29. mai 2024

Runar Haddal
Leiar / skrivar

Annika Hove
skrivar

Oddvar Haugen
kasserar

Øyvind Grimstad Gryt
Styremedlem

Aud Grimstad
styremedlem



SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til Stiftinga Rasofielgarden

6060 HAREID

REVISJONSMELDING 2023

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har årsrekneskapen for Stiftinga Rasofielgarden org. nr 994 315 579 for 2023 og som viser eit underskot på kr 18.790,71

Årsrekneskapen, som består av resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2023 med notar der nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar er skildra.

Etter vår meining fylgjer årsrekneskapen lovkrava og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga pr. 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne dato, i samsvar med lov, forskrift og god rekneskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmelding og evt. anna informasjon

Styret og styreleiar er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga, og evt. anna informasjon. Uttalen vår om årsrekneskapen dekker ikkje anna informasjon, og vi attesterer ikkje på den.

Men i samband med revisjonen av årsrekneskapen er oppgåva vår å lese gjennom årsmeldinga og evt. anna informasjon som ligg ved for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen og/eller kunnskap vi har opparbeidd ved revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere om dette.

Basert på denne kunnskapen meiner vi at årsmeldinga inneheld:

- Opplysningane som skal gis i hht gjeldande lovkrav
- Opplysningane kring økonomi i årsmeldinga er i samsvar med årsrekneskapen

Styret og styret sin leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og styret sin leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen slik at det ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god rekneskapsskikk i Norge.

Postadresse: Bjørndalsveien 10, 6065 ULSTEINVIK	Telefon: 700 17552	Mobil: 90 18 17 60
	Bankkonto: 3991.07.88934	Org.nr: 974 789 280 MVA
	E-postadresse: bodill.skeide@ssk-revisjon.no	



SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Styret og styret sin leiar er også ansvarleg for slik intern kontroll dei finn naudsynt for å kunne utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller utilsikta feil.

Ved utarbeiding av årsrekneskapen må styret ta standpunkt til stiftinga si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for dette. Føresetnad om fortsatt drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at stiftinga vil verte avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå den nødvendige tryggleiken for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleghald, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for vår meining. Den nødvendige tryggleiken vil seie høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleghald eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som ein del av revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen.

I tillegg:

- identifiserer vi og anslår risikoane for vesentleg feilinformasjon, og utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar
- opparbeider oss ei forståing av den intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av den interne kontrollen
- evaluerer evt.rekneskapsprinsipp som er brukte og tilhøyrande noteopplysningar
- evaluerer den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen

Vi kommuniserer med styret og styreleiar blant anna om den planlagde revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon» meiner vi at styret har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Ulsteinvik 29. mai 2024

Bodill Skeide
reg.rev./statsaut.rev.

Postadresse: Bjømdalsveien 10, 6065 ULSTEINVIK	Telefon: 700 17552	Mobil : 90 18 17 60
	Bankkonto: 3991.07.88934	Org.nr: 974 789 280 MVA
	E-postadresse: bodill.skeide@sskrevisjon.no	

**BALANSE PR. 31.12.2023**

STIFTINGA RASOFFELGARDEN org 994 315 579

EIGEDELAR

ANLEGGSMIDLAR	note	2023	2022	2021	2017	2016
Bygning	3	2,868,500 00	2,868,500 00	2,868,500 00	2,868,500 00	2,868,500 00
Statue		50,000 00	50,000 00	50,000 00		
Andel i allskog SA	5	3,000 00	3,000 00	3,000 00		
Midler avsett til skogfond (Landbruksdir-Fvikesm)	5	7,776 00	7,776 00	7,776 00		
Sum anleggsmidler		2,929,276 00	2,929,276 00	2,929,276 00	2,868,500 00	2,868,500 00
OMLØPSMIDLAR						
Bankinnskot 3910 41 12378		24,285 00	24,051 00	24,028 00	23,967 00	23,943 00
Bankinnskot 3910 35 85744		14,869 14	35,916 02	28,531 34	58,422 37	50,780 68
Debitorar		19,117 34	16,793 69	11,203 00		
SUM EIGEDELAR		2,987,547.48	3,006,036.71	2,993,038.34	2,950,889.37	2,943,223.68

GJELD OG EIGENKAPITAL

EIGENKAPITAL

Stiftelsekapital	3	2,868,500 00	2,868,500 00	2,868,500 00	2,868,500 00	2,868,500 00
Opptent over/underskot 01 01		-100,919 71	-106,862 66	-118,203 57	-157,324 32	-158,216 76
Opplyst avsetning	4	100,000 00	100,000 00	100,000 00	100,000 00	100,000 00
Årsresultat		-18,790 71	5,942 95	11,340 91	7,665 69	892 44
Sum egenkapital 31 12		2,848,789 58	2,867,580 29	2,861,637 34	2,818,841 37	2,811,175 68
Andre avsetningar/forpliktelsar						
Langsiktig gjeld	4	130,000 00	130,000 00	130,000 00	130,000 00	130,000 00
Sum langsiktig gjeld/forpliktelse		130,000 00	130,000 00	130,000 00	130,000 00	130,000 00
Kortsiktig gjeld						
Leverandørgjeld		8,757 90	8,456 42	1,401 00	2,048 00	2,048 00
Sum kortsiktig gjeld		8,757 90	8,456 42	1,401 00	2,048 00	2,048 00
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		2,987,547.48	3,006,036.71	2,993,038.34	2,950,889.37	2,943,223.68

Høreid den 29. mai 2024

Runar Håhald
form

Oddvar Haugen

Annika Hove

Aud Grimstad

Øyvind Grimstad Gryt

Stiftinga Rasoffelgarden

**RESULTATREKNESKAP 2023**

STIFTINGA RASOFIELGARDEN org nr 994 315 579

DRIFTSINNETEKTER	note	2023	2022	2021	2017	2016
Salgsinntekter	1					
Komm. tilskot	1	75,000.00	75,000.00	75,000.00	50,000.00	50,000.00
Tilskot frå andre, gaver	1					
Sum driftsinntekter		75,000.00	75,000.00	75,000.00	50,000.00	50,000.00
DRIFTSKOSTNADER						
Forsikringar		18,227.32	14,757.34	4,688.00		
Alarm, årsavg og kontroll		8,379.03	7,713.09	18,060.00	9,725.00	20,265.25
Straum		21,494.30	22,187.90	16,132.45	15,440.76	10,739.66
Komm.avgifter		8,337.69	7,741.21	7,481.64	5,469.70	6,700.97
Leie datasystem		1,081.50	1,292.50	1,101.50		
Kontorutgifter, kontigenter ol					1,488.00	
Rekneskaphonorar		15,912.47	7,300.01	8,208.50	5,252.00	3,750.00
Revisjonshonorar		3,000.00	2,625.00	2,738.00	0.00	2,048.00
Kontingent Allskog		600.00	600.00	500.00		
Gave		0.00				
Årsgebyr Stiftelsetilsynet		5,390.00	4,640.00	4,640.00	4,640.00	4,640.00
Bankgebyr		108.50	98.00	109.00	137.50	326.50
Andre kostnader		11,475.00				
Sum driftskostnader		94,005.81	68,955.05	63,659.09	42,152.96	48,845.38
Driftsresultat		-19,005.81	6,044.95	11,340.91	7,847.04	1,154.62
FINANSINNETEKTER/KOSTNADER						
Renteinntekter		234.00	23.00	0.00	46.00	52.00
Renteutgifter/lånekostnader og inkassogebyr		-18.90	-125.00	0.00	-227.35	-314.18
Netto finans		215.10	-102.00	0.00	-181.35	-262.18
Resultat		-18,790.71	5,942.95	11,340.91	7,665.69	892.44
EKSTRAORD. INNT./KOSTNADER						
Sum ekstraordinære inntekter/kostnader						
ÅRSRESULTAT (overskot + /underskot -)		-18,790.71	5,942.95	11,340.91	7,665.69	892.44
Overføringer						
Overført til andre forpliktelser						
Overført til annen egenkapital		-18,790.71	5,942.95	11,340.91	-7,665.69	
Overført fra annen egenkapital						-892.44
Sum overføringer		-18,790.71	5,942.95	11,340.91	-7,665.69	-892.44

Stiftinga Rasofielgarden



NOTAR til rekneskap/balanse 2023

STIFTINGA RASOFIELGARDEN

Stiftinga vart stifta 14.8.2008 og registrert i Brønnøysundregistra 5.11.2009.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS vart valt til revisor frå regnskapsåret 2011, registrert 22.02.2012.
Stiftinga sitt styre er samansatt av 3 representantar valt av Hareid kommune og 2 representantar
vert valt av Vonheims venner

NOTE 1: Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapan er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med rekneskapslova sine
bestemmelsar og reglane som følgjer av god rekneskapsskikk.
Innteksføring etter kontantprinsippet
Bygninger er vurdert ved takst ved anskaffelsen

NOTE 2 Tilsette, godtgjersle ovs

Stiftinga har ingen tilsette, og det er ikkje utbetalt godtgjersle til styret.

NOTE 3 Anleggsmidler

Stiftelsekapitalen er ein fast eigedom gitt av opprettaren til ein verdi av kr 2.868.500,-
Det er ikkje føreteke avskrivning, då eigedommen vert vurdert å ha evig levetid ved normalt vedlikehald.

NOTE 4 Andre forpliktelsar

Det er under planlegging å oppføre løebygning og magasin. Tilskot som er motteke, er delvis avsett til
dette formålet.



STIFTINGA RASOFIELGARDEN

ÅRSMØTE FOR 2023 – MØTEREFERAT 29. MAI 2024

Stiftinga vart stifta 14.8.2008 med organisasjonsnummer 994 315 579.

TILSTADES FRÅ STYRET: Runar Haddal, Aud Grimstad, Oddvar Haugen, Øyvind Grimstad Gryt

IKKJE TILSTADES: Annika Hove. **STAD FOR MØTET:** VONHEIM

SAKLISTE:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av leiar for årsmøtet.
3. Val av skrivar for årsmøtet.
4. Godkjenning av årsmelding.
5. Godkjenning av rekneskapen for 2023.
6. Val.
7. Eventuelt.

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Godkjent av styret.

VAL AV LEIAR FOR ÅRSMØTET

Runar Haddal

VAL AV SKRIVAR FOR ÅRSMØTET

Runar Haddal

GODKJENNING AV ÅRSMELDING

Godkjent av styret.

GODKJENNING AV REKNESKAPEN FOR 2023

Godkjent av styret.

Det var særskild kraftig auke i kostnadane i 2023, noko som medførte eit underskot på 18,790 kr. Dei fleste faste kostnader viser ei auke, men det som skil seg ut er forsikring (opp frå 14,757 kr i 2022 til 18,227 i 2023), og rekneskapshonorar (opp frå 7,300 kr i 2022 til 15,912 kr i 2023). I tillegg kom det 11,475 kr under «Andre kostnader» (ekstraordinære for året 2023), som var 2,300 kr til stemming av piano og 9,375 kr til Allskog.

Styret lukkast i 2021 med å auke tilskotet frå Hareid kommune frå kr. 50.000 til kr 75.000. Auka i driftskostnader frå 2021 til 2022 var på ca. 8%, og stiftinga hadde eit overskot på kr 6.044. Men auken for 2023 vart på heile 36%.

Dette tappar kontantbeholdninga til stiftinga kraftig, og er sjølvstøtt ikkje berekraftig med lave innskot på konto. Det kan gå bra eit år til, men ikkje to. Det er heilt klart at inntektene må opp, og der det er mogleg, og kostnadane må ned. Styret er samde i at det må gjerast tiltak, i første omgang på forsikring og rekneskapshonorar.

I samband med gjennomgangen av rekneskapen, og m.o.t. tiltak for at stiftinga skal overleve, diskuterte styret alternative modellar m.o.t. organisering. Det er ikkje praktisk med to organisasjonar.



I tillegg har revisor stilt spørsmål ved den denne modellen, og at det sett frå ein ståstad som revisor for stiftinga syner linken mellom foreiningane seg som for tett.

Det er som regel under leing av Vonheims Venner - men i samarbeid med stiftinga - at ulike arrangement blir gjennomført. Då har det vore slik at Vonheims Venner får inntektene. Vonheims Venner har per i dag god økonomi / likviditet, men på langt nær nok midlar dersom ein tek omsyn til komande kostnader til vedlikehald på huset. Dette tek til å verte sær s alvorleg.

Styret er samde om å arbeide for at Vonheims Venner vert lagt ned, og at ein heller utvidar styret til stiftinga med ein eller fleire medlemmar. Då kan ein få eit meir slagkraftig styre, og få til ei betre fordeling av oppgåver.

Å legge ned Vonheims Venner er truleg ikkje «*beint fram*» p.g.a. vedtektene i stiftinga, vedtektene i Vonheims Venner, og kommuna si rolle her. Som ved opprettinga av stiftinga i 2008, her vil vi trenge juridisk kompetanse / assistanse, og hjelp frå kommuna. Det må kanskje eit vedtak til i kommunestyret. Eit vedtak om nedlegging må også kome frå styret til Vonheims Venner, men der er medlemmane truleg heilt samde med styret i stiftinga.

VAL

Runar Haddal går av som styreleiar, men blir sitjande i styret på vegne av Vonheims Venner. Oddvar Haugen (kasserar) og Annika Hove (skrivar) går ut av styret. Dagens styre blir sitjande fram til at erstatningar for Oddvar og Annika er på plass. Øyvind Grimstad Gryt vil fortsetje i styret på vegne av Hareid Kommune. Aud Grimstad vil fortsetje i styret på vegne av Vonheims Venner.

Styret takkar Oddvar og Annika for innsatsen. Rolla som kasserar er sær viktig, og styret uttrykte ekstra stor takk til Oddvar for det oppryddingsarbeidet han har gjort, at han alltid har full kontroll m.o.t. viktige tidsfristar, og at han punktleg har forsynt rekneskapskontoret med den informasjonen dei treng.

Arbeidet med å finne erstatningar for Oddvar og Annika har vore i gong ei stund (dei sit på vegne av kommuna), men det har vore vanskeleg å finne folk som vil vere med, eller har tid. Dette arbeidet må fortsette, og det må få høg prioritet. Øyvind vil ta kontakt med Vikebladet og få til eit innlegg der vi søker etter aktuelle kandidatar, også etter folk som generelt vil vere med og gjere ein innsats for Vonheim. Runar vil be om eit møte med ordførar for å orientere om situasjonen. Kulturkonsulenten vil også vere invitert.

EVENTUELT

Lite under eventuelt, men vi evaluerte og diskuterte *Open Dag på Vonheim* 17. mai. I dei seinare åra har det vore sånn passe med folk som stakk innom, eigentleg altfor få besøkande. Då er det sjølvsagt lett å ha kontroll. I år var det sær mange som kom, dei første kl 11:00, dei siste kl 16:30. Dei siste gjestane gjekk kl 17:30.

Dette er sjølvsagt sær positivt, men styret meina heilt klart at vi må vere fleire på vakt - eller i nær beredskap - på slike dagar i åra som kjem. Når det kjem mange folk samstundes, vert det sjølvsagt vanskeleg, eigentleg heilt umogleg å både vere guide og ha kontroll på ungar som bevegar seg raskt frå rom til rom, opp og ned trappene. Det var til tider ganske kaotisk.

I framtida må vi vere strengare, t.d. krevje at barn under ein viss alder må vere i følgje med foreldre (og at foreldra faktisk må passe på dei). Vi bør truleg ha nokon ved inngangen, nokon som ynskjer velkomen og som deler ut eit ark med div. informasjon både om huset og Rise-familien, i tillegg til nokre reglar som folk må halde seg til (og VIPPS nummer). Vi må ha folk oppe og nede samstundes,



gjærne ha på oss ei namneskilt eller liknande som fortel at vi representera Vonheims Venner / Stiftinga (vi kan sjølv sagt ha med andre enn dei som sit i styret). Kanskje må vi tenke på ei grense for talet på personar som kan vere inne samstundes.

I huset er det mange skattar i mange rom, og det hadde vore trist om det vart skade, eller at noko forsvann. I tillegg veit vi ikkje om t.d. rekkverk på altanen i 2. etg. «held mål» m.o.t. tryggleik. Truleg held den ikkje mål. Skulle nokon ramle ned og folk blir skada, og det viser seg at ikkje alt er i forskriftsmessig stand, kan det verte ei særst trist sak. Vi bør nok stenge av nokre områder neste år.

Bigset, 29. mai 2024

Runar Haddal
Leiar / skrivar

Annika Hove
skrivar

Oddvar Haugen
kasserar

Øyvind Grimstad Gryt
Styremedlem

Aud Grimstad
styremedlem